

# Stiftinga Kystsogevekene


ÅRSMELDING  
2015

## Kystsoge vekene 2015

8. august til 13. september



Stiftinga Kystsogevekene



**Stormønstring av kystkultur  
i 22 kommunar  
på Vestlandet**

**Kystkultur -  
tradisjon og utvikling...**

 **HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

<b>REPRESENTANTSKAPET</b>	<b>3</b>
<b>STYRET</b>	<b>4</b>
<b>ADMINISTRASJON</b>	<b>4</b>
<b>OFFISIELL OPNING I TYSNES KOMMUNE</b>	<b>5</b>
<b>KYSTSOGEVEKENE 2015</b>	<b>6</b>
<b>MARKNADSFØRING</b>	<b>13</b>
<b>ØKONOMI</b>	<b>16</b>
<b>ÅRSBERETNING 2015</b>	<b>18</b>

#### STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE

Stiftinga Kystsogevkene organiserer Kystsogevkene.  
Stiftinga er ei ikkje næringsdrivande stifting,  
med føremål å stimulere og virke som pådrivar og  
fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod  
og  
koordinering av årlege kystsogevker i  
Hordaland og Gulen.

Kystsogevkene finn stad i august og september kvart år.

# REPRESENTANTSKAPET

Kvar av dei 22 kommunane, og fylkeskommunen vel eit medlem til representantskapet. Det var også gjennomført val av leiing i representantskapet, Olav Steinar Namtvedt held fram som ordførar, medan fylkeskommunen sin representant er varaordfører i Stiftinga Kystsogevekene sitt representantskap.

Medlemmer i representantskapet:

Hordaland fylkeskommune: Tom Christer Nilsen, vara Mona H. Hellesnes

Kommunar:

Askøy: Solfrid Hess

Austevoll: Renate Møgster Klepsvik, vara Øystein Fammestad

Austrheim: Per Lerøy

Bergen: Gunnar Bakke, vara William Hazell

Bømlo: Anne Johannessen, vara Ståle Vorland

Fedje: Kristin Handeland

Fitjar: Wenche Tislevoll, vara Agnar Aarskog

Fjell: Odd Bjarne Skogestad, vara Tore Turøy

Fusa: Hans Vindenes

Gulen: Anne Mette D. Andreassen, vara Odd Harald Eide

Kvinnherad: Synnøve Solbakken, vara Kristian Olav Bringedal

Lindås: May Eva Sandvik

Masfjorden: Karstein Totland, vara Marit Steinestø

Meland: Nils Marton Aadland, vara Lars Barstad

Os: Terje Søviknes

Osterøy: Kari Foseid Aakre

Radøy: Jon Askeland, vara Ann Christin Hoen

Stord: Johannes Landmark, vara Jens Litlabø

Sund: Kari-Anne Landro, vara Kjell Arve Vorland

Sveio: Astrid Hovda

Tysnes: Aud Kaldefoss, vara Bjørn Lande

Øygarden: Anne Grethe Solbakk

Etter valet og mot slutten av året vart det sendt førespurnad til alle kommunane om å gjere val av nye representantar for neste periode, 2016-2020, og det nye representantskapet vil verte kalla inn til årsmøte for 2016.

## Årsmøte

Det var halde årsmøte i representantskapet i Stiftinga Kystsogevekene 13. april på Hotel Terminus i Bergen.

Mona H. Haugland skreiv under på protokollen i tillegg til møteleiar Olav Steinar Namtvedt og referent og dagleg leiar Lena Eikeland Kutschera.

## Friluftslivets år - kystfriluftsliv

Kystsogevekene ønskte å markere Friluftslivets år 2015. Før representantskapsmøtet vart offisielt sett innleia derfor kystkulturentusiast Evy Bjørvik Dame frå Keipane kystlag på Radøy med å snakke om kystfriluftsliv og rotur Radøy rundt. Evy Dame er aktiv på sjøen og kysten, og har tatt initiativet til fleire lengre roturar, mellom, anna rundt Radøy, Holsnøy og Osterøy. Vi ønskte ho skulle inspirere fleire til også å ta i bruk sjøen og kysten til friluftsliv, slik at folk også tenker på kysten som arena for friluftsliv, og ikkje berre fjellet og marka, slik at det vert eit yrande kystfriluftsliv også i våre 22 kommunar i løpet av Kystsogevekene.

Sjølve årsmøtet til representantskapet i Stiftinga Kystsogevekene handsama dei vanlege årsmøtesakene, som årsmelding og årsrekneskap 2014. Stiftinga har hatt eit lite underskot dei siste åra, ikkje mykje, men årsmøtet ville gjere styret merksame på dette, det er ikkje rom til å tære på eigenkapitalen i mange år, sjølv med slike

moderate underskot. Styret hadde har sett dette, og gjorde justeringar i dette årets budsjett for å unngå at dette skjer igjen.

Fylkeskommunen gjev driftstilskot til stiftinga, og det vart understreka at driftstilskotet skal ikkje nyttast som tilskot til arrangørar. Det vart også peikt på at det er uheldig med negativt resultat over tid, og at stiftinga då anten må hente inn meir midlar utanfrå eller redusere aktiviteten.

Hordaland fylkeskommune ønskte også ein meir synleg plass i arrangement som er med, gjerne i form av ei rolle i samband med den offisielle opninga.

## STYRET

Styret i *Stiftinga Kystsogevekene 2012-16* er satt saman slik:

Styreleiar: Ove B. Trellevik

Anne Beth Njærheim (Hordaland fylkeskommune)

Astrid Aarhus Byrknes,

Olav Martin Vik,

Ruth G. Ø. Eriksen.

Vara:

Hallvard Oppedal

Kjetil Hestad

Styremøter:

Styret i *Stiftinga Kystsogevekene* har i 2015 har hatt tre møter, og har handsama 19 saker. Møta vart halde på Fylkeshuset. Styret har mellom møta hatt mailkontakt i enkelte spørsmål, og fleire møttes også på den offisielle opningsdagen. Styreleiar og dagleg leiar har hatt ein del kontakt gjennom året.



*Styreleiar Ove Trellevik, Anne Beth Njærheim, styremedlem, Kjetil Hestad styremedlem og dåverande ordførar i Tysnes kommune på opningsdagen på Tysnes*

## ADMINISTRASJON

Lena Eikeland Kutschera er dagleg leiar i *Stiftinga Kystsogevekene*. Dagleg leiar har hatt samarbeid med styreleiar Ove Trellevik, som har vore støttespelar for administrasjonen. Administrasjonen har kontor i Wigandgården, Hordaland fylkeskommune.



Heilt på tampen av året har dagleg leiar leigd ut deler av si arbeidskraft, og har på den måten klart å styrke stiftinga sin økonomi. Seinhaust og vintermånadene er den tida på året som er minst arbeidsintensiv for Stiftinga Kystsogeveke, og det er nytta noko ledig kapasitet til andre oppgåver.

## Kontakt med kommunane

I året som var har dagleg leiar hatt kontakt med eit vidt spekter av personar i alle dei 22 kommunane. Nokre stader er kontaktpersonane koordinatarar i kommunane, medan andre stader har det vore direkte kontakt med arrangøren. I tillegg til informasjon og e-post har dagleg leiar også hatt møter med personar eller grupper i nokre av kommunane. Dagleg leiar ser desse direktemøta med kontaktpersonar som svært viktige, då det gjer høve til å verte meir kjent, og drøfte og prate omkring Kystsogeveke og arrangementa. Møta gjer også at det vert lettare å vende seg direkte til kvarandre anten på telefon eller e-post gjennom heile året.

Dagleg leiar ser også det som særst viktig å ta del i så mange av arrangementa som mogeleg, og deltek aktivt alle helgar i løpet av den perioden Kystsogeveke pågår. På den måten får ho førstehands kjennskap til arrangementa, og får samstundes også prate med arrangørane og vise støtte for arrangementet.

I år deltok dagleg leiar på ei rekkje arrangement i store delar av regionen i løpet av Kystsogeveke, frå Bømlo i sør til Gulen i nord, på fleire arrangement i ulike 10 kommunar. I nokre av kommunane deltok ho på fleire arrangement, kommunane som var dekt i år var Tysnes, Radøy, Bømlo, Sund, Bergen, Askøy, Os, Fusa, Gulen og Austrheim. På og i etterkant av alle desse arrangementa er det posta bilete og rapportar i bloggen og på sosiale media.

## OFFISIELL OPNING I TYSNES KOMMUNE



Årbakka handelsstad. Opningsarenaen på Alsaker brygge på Onarheim. Offisiell opnar fiskeridirektør Liv Holmefjord

Startskotet for *Kystsogeveke 2015* gjekk laurdag 8. august på Onarheim på Tysnes. Vi fekk ein strålende dag, ei luke i den elles fuktige og gråe sommaren. Himmelen var blå, skyene kvite og solen strålte saman med alle menneska som var med denne dagen.

For nokre av oss starta dagen på Tysnes med guida busstur frå Våge til Årbakka, Kaare Malkenes fortalte oss om stader og historie på vegen, vi passerte mellom anna Johannes Heggland sin heim, der mange av bøkene hans vart skriva.


På Årbakka vart vi møtt av lyden av ein gamal båtmotor, og røykringer sto opp framom dei gamle kvite handelshusa. Vertskapet på Årbakka tok i mot oss som kom med buss, og dessutan mange andre som også hadde tatt turen hit. Vi vart bydd på kaffe, deilige vafler og historie om handelsstaden. Ved kai låg *Senet* og seglskuta

*Seladon*. Kring 25 heldige menneske fekk vere med på fjordtur på veg til Onarheim og Alsaker Bryggje, der den offisielle opninga skulle gå føre seg, dei andre tok landvegen.

På Onarheim var det rigga til med scene, telt og nokre salsbodar, og også her hadde mange folk funne vegen i fineveret. Ei offisiell opningshøgtid inneber talar, og ordførar Kjetil Hestad ønskte velkommen til Tysnes. Det var mange god ord som vart sagt denne dagen. Fiskeridirektør Liv Holmefjord sto for den offisielle opninga, noko som høva godt når den offisielle opninga var på Alsaker brygge, eit moderne oppdrettsanlegg, og samtidig tok med seg både det moderne og det tradisjonelle i kystkulturen. Leiar i Hordaland fylkeskommune sitt kultur- og ressursutval, og styremedlem i Stiftinga Kystsogevøkene kom også med ei helsing på vegne av fylkeskommunen. I tillegg var det tale ved styreleiar Ove Trellevik. Tysnes presenterte unge lovande musikarar frå øya, og det heile var ypperleg sydd saman av Jørgen Knudsen, som med varme og humor leia oss gjennom programmet.

På Alsaker Bryggje var det aktivitetar, bodar og mat. Det var høve til å komme seg ut på fjorden, både med robåt og med seglbåten *Seladon*. Onarheim var staden for opninga, og Tysnes ønskte også å vise fram den gamle Seløystova, her var det utstillingar, og for å komme dit var det lagt opp til guida turar av menn med hatt. Det var også høve til å komme seg opp bakken til Seløystova og til Onarheimskyrkja med staseleg hesteskys.

Den flotta opningsdagen på Tysnes vart avrunda med at Onarheim kyrkje vart tatt i bruk som kulturkyrkje, og opna dermed for andre aktivitetar og arrangement enn dei reint kyrkjelege. Det var prost Svein Arne Theodorsen som sto for denne innviinga. I våpenhuset til kyrkja var set sett opp ein plakatutstilling om Johannes Heggland sitt forfattarskap. Og den første førestillinga i Onarheim kulturkyrkje var basert på Johannes Heggland sine bøker, *Brød av havet*, om kvinna *Anna Gyria* sitt liv. Det er Johanne Øvstebø Tvedten som har bearbeida bøkene til ei førestilling med henne sjølv i rolla som *Anna Gyria*. Ho åleine mala fram bilete og gav liv til Anna Gyria og menneska og miljøet kring henne. Ei imponerande framføring som fengsla ei full kyrkje i den ein time og førti minutt lange førestillinga.



Seglskuta *Seladon*, vokalist i Phoenix og Johanne Øvstebø Tvedten som *Anna Gyria*

## KYSTSOGEVEKENE 2015

Kystsogevøkene 2015 var den 19. i rekkja. Arrangørar har stått på for å lage i stand aktivitetar og program gjennom desse flotte seinsommarvekene.

Folk har fått gått turar, blitt opplyst på foredrag, underhalde på kabaretar og konsertar, sett flott kunst og utstillingar, vore på sjøen i kajakk, robåtar og fjordabåtar, og tatt del i eit mangfald av aktivitetar, leik og handverk, og mykje, mykje meir. Det var fiskekonkurransar, båtturar, Kyststemne, og middelalderfestival,



foredrag, konferanse, musikkfestivalar, og familiefestivalar. Marknader og torgdagar, konsertar, kabaret og utstillingar.

Frivillige lag og organisasjonar, bygdelag og arbeidsgrupper, museum, galleri, kommunar og andre har løfta fram tema, turar, lokalsamfunn og anna i denne kystkulturmonstringa, og har gjeve oss mange gode og flotte opplevingar!

2015 var Friluftslivets år, og svært mange turar i kulturlandskap og kystlandskap sto på programmet, og dessutan friluftaktiviteter på sjøen. Det var kjekt at så mange arrangørar også ønskte å ta med den fysiske aktiviteten langs kysten som del av Kystsogeveke i dette friluftslivets år.

Radøy, til dømes, er den mest aktive kommunen der det er flest arrangement med i Kystsogeveke, i 2015 var det ikkje noko unntak. Radøy fant at det i høve Friluftslivets år og at det var 70 år sidan andre verdskrig tok slutt, dermed vart heilt naturleg å leggja opninga av Kystsogeveke til Skageneset, som i dag er friluftsområde, derfrå vart mange under krigen hjulpet på flukt til Shetland. Vi fekk eit historisk orientering om aktiviteten i Skageneset under krigen ved ein representant for Radøy sogelag. Keipane Kystlang og Radøy ungdomsklubb og RS Ung Radøy var alle med og tilbydde aktivitetar for dei frammøtte. Ungdomsklubben hadde skattejakt med borna, og RS Ung tok borna med seg på turar med sin nye båt. Keipane hadde med seg fleire kajakkar som folk kunne prøve seg i, og dessutan ei flott snekke som tok turar utpå sjøen. Det var også kafé med god kystmat, med fiskeburger tillaga på takke over bål.



Ei anna hending som kan trekkast fram frå Kystsogeveke 2015 er *Oselvarfestivalen* som kunne skilte med dobbel Os, då den gjekk av stabelen laurdag 5. september. To Os Mannskor stilte opp på kvar side av elveosen, eine frå Os i Hedmark og andre frå Os i Hordaland. Dirigentane vart rodd opp mot koret sitt, reiste seg i båten og dirigerte til kvar sitt Os Mannskor med sin eigen Os hyllingssong. Publikum sto spreidd omkring på brua eller ved bryggjekantane på kvar side. Det var eit flott syn med alle oselvarane som rodde og defilerte i osen, og den eine oselvarsegglaren som leika seg ytst mot Bjørnefjorden med fjella og fonna i syningom.

Etterpå var det klart for rokonkurranse, der første lag ut var ordførar og dirigent i kvar Os kommune/mannskor. Det vart etterkvart tydeleg at det var kystfolket og ikkje fjellfolket som hadde overtaket, og laget frå Os i Hordaland vann denne venskapelege konkurransen. Seinare var det politiske duellar, sidan det var valkamptider, etterkvart vart også rockeklubben utpå ein tur. Inne i Oselvarnaustet var det taffelmusikk og vaffel, medan det utanfor var prat. Oselvarverkstaden gav ungane høve til å lage sin eigen leikebåt, og det var ope inne på Oselvarverkstaden like ved, kor ein kunne få seg ein liten båtprat og sjå oselvarar under bygging.



Kystsogevekene 2015 var som Kystsogevekene alltid er, ei stor og flott mønstring av kystkultur. I løpet av fem fantastiske veker med kystkultur fann eit vrimmel av arrangement stad. I år som tidlegare år fekk folk med seg yrande folkeliv, konsertar, marknader, utstillingar, kulturvandringar, båtturar og aktivitetar. Lokale eldsjeler og frivillige legg ned mykje arbeid og tid for å gje folk mange gode opplevingar og aktivitetar. I dei 22 kommunane byr folk stolt kystkulturen fram i ny og gamal form. På kring 190 ulike arrangement yrte det av glade og nøgde menneske i alle aldrar, i alt slags ver, i all slags lokale og arenaer.

## Stort mangfald i aktivitetar

Tidlegare år har vi hatt med eit omtrentleg publikumstal som en har berekna til å vere om over 40 000 publikumarar. I år har det vore kring 190 ulike tilbod med aktivitetar, konsertar, foredrag osv. Sidan publikumstal har vore vanskeleg å dokumentere presenterer mangfaldet av aktivitetar som går føre seg, slik at ein kan få innblikk i spennvidda og tilbod som vert gjeve i løpet av desse vekene.

Fleire av desse arrangementa er festivalar eller anna som i seg sjølv kan ha fleire titals postar i sitt eige program, som til dømes *Periferifestivalen*, *Havsportveka*, *Kystsogedagane i Meland* og *Kystsogedagane i Langevåg*, *Kanaldagane* eller *Fitjarfestivalen*.

	2013	2014	2015
Aktivitetar, ting å gjere for vaksne og born, der dei tek aktivt del	41	44	38
Turar/kulturvandringar med guide	11	12	19
Omvisingar i samlingar og utstillingar som ikkje er del av ordinær drift	13	20	29
Kurs i ulike handverk, kunnskap eller gjeremål	10	4	11
Konsertar	29	32	28
Båtar/båtturar eller høve til å sjå og komme om bord i gamle fartøy	17	31	16
Føredrag	30	34	21
Gudsteneste, friluftsgudsteneste	5	9	11
Kafé: sal av mat på stader som elles ikkje har servering	35	65	34
Dans: sosial samankomst med levande musikk og dans	7	8	12
Konkurranse: ro- , fiske eller seglkonkurranse	6	13	8
Marknad – torgsal av mat og varer	16	19	22
Utstillingar: kunst, historisk eller bilete og kunsthandverk	29	29	34
Prisutdeling – kulturpris eller heiderspris	4	5	3
Førestilling – spel, revy eller musikkførestilling med regi	12	14	16
Underhaldning – lett underhaldning som ikkje er rein konsert eller førestilling	16	47	24
Museum	18 ordinære museum	33	38
Matkultur		13	16
Fysisk aktivitet		9	18
Kulturminnedagene		7	1
Friluftsliv			23



Når ein går gjennom kategoriane, ser ein at det er stort mangfald av både aktivitetar og tilbod. Mange av arrangementa under Kystsogeveke bidreg til mykje folkeopplysing, ettersom det er over 20 arrangement som anten er, eller har med foredrag om ulike kulturhistoriske tema, dette er litt fleire enn året før. I tillegg kjem alle omvisingane og guida turane i utstillingar og landskap. Guida turar i flott kystlandskap gir også aukande folkeaktivitet, og mange av arrangementa er det turlag som arrangerer, eller er medarrangør i.

Mange av musea i regionen har arrangement med i mønstringa, og i år har det vore nesten 40 museumsarrangement. Mange av desse er det dei faste musea som står for, men også mindre lokale museum som elles ikkje har ope, har arrangement i høve Kystsogeveke. Det er gledeleg til dømes, at også i år opna to av dei kommunale musea i Lindås, Husmannsplassen Vikje og Lindås skulemuseum dørene sine for publikum. Treskofabrikken i Sellevåg hadde to opne dagar i år.

Svært mange arrangement har kafé og sal av mat, det er samlingspunkt for bygdefolk og tilreisande. Dette vert sosiale møtepunkt, og er samtidig ein måte for lag og organisasjonar å tene litt pengar for å halde i gang drifta gjennom året. Alle torg- og marknadsdagane er også stader der småskala produsentar får synt fram varer, tent nokre kroner og gjere produkta sine kjend for kundane. Nokre av måla med denne årlege mønstringa av kystkulturen er at folk skal møtast, dei skal dele opplevingar saman, knyte band til kysten og kysttradisjonar, styrke identiteten. Alle arrangementa er møteplassar.

Konsertane som vert arrangert kan være av ulik art, anten det er lokale artistar eller lag som opptrer, eller det er profesjonelle utøvarar som kjem til små, store eller særeigne arenaer og gjev gode opplevingar, impulsar og inspirasjon.

Kystkulturen er alltid med i Kystsogeveke, anten som hovudelement i arrangementet, som ramme kring eit arrangement, som tema eller som motiv. Vi ser også at mange av arrangementa vel å ha med båtar eller fartøy, og gje publikum høve til å komme om bord, vere på tur, eller sjølv ro eller køyre. Bruk av tradisjonsbåtar er viktige element i mange av arrangementa. Det er flott å sjå at det vert fleire konkurransar om maritime aktivitetar, anten det er konkurranse om å ro, å fiske, å segle.

Det er viktig å vidareføre kunsten å bruke tradisjonsbåtar, eller til og med å kaste ut fiskesnøre eller stong, dette kan være gode måtar å få dei oppveksande generasjonar interesserte i å ta vare på kystkulturen eller møte kystkulturen på nye måtar, men med røter i det som har vore.

Alt i alt kan ein sjå eit stort mangfald og breitt spekter av typar arrangement, og så kan ein leggje til at kvart og eitt arrangement har sitt særpreg, sine foredragshaldarar, sine artistar og si unike ramme kring arrangementet. Kystsogeveke er allsidig og skiftande, og har noko å tilby for ein kvar smak!

## Arrangement i kommunane

KOMMUNE	ARRANGEMENT	AKTIVITET
Tysnes	Offisiell opning av Kystsogeveke 2015	Taler, guida tur, utstillingar, konsert, marknad, aktivitetar, friluftsliv, kystfriluftsliv, veteranbåt
	Årbakka Handelstad og Årbakkavollen	Kafé, utstilling, omvising, museum
	Anna Gyria i Onarheim	Førestilling
	Tøyet under tøyet	Utstilling
	Seilingens dag	Aktivitetar, kystfriluftsliv
	Dansegalla i Tysneshallen Våge	Konsert, dans
	Kulturløp på Drange	Foredrag, omvising, kafé, museum
	Husflidsmesse i Tysneshallen	Marknad, utstillingar, kafé, tradisjonshandverk
	Leia som historieforteller, funn frå Tysnes-området	foredrag, kafé,

	Seilingens dag	Aktiviteter, kystfriluftsliv
<b>Askøy</b>	Aktivitetsdag på Herdla fort	Aktiviteter, omvising, utstilling, tur, friluftsliv, museum, kafé,
	Hanevikdagen	Utstilling, aktivitetar, kafé, friluftsliv, kystfriluftsliv
<b>Austevoll</b>	Kystsogehelg i Bekkjarvik	Marknad, aktiviteter, rokonkurranse, konsertar, gudsteneste, utstilling, kafé,
	Winemakers Dinner	Matkultur, kurs
	Stølmen kyrkje med Rein Alexander	konsert
	I Hengjo om kvelden: Sjøforsvarets Musikkorps m/gjestar	konsert
<b>Austrheim</b>	Havsportveka	Aktiviteter, konsert, friluftsliv, kystfriluftsliv, guida tur, kafé,
	Ein smak av Austrheim	Matkultur, kurs, kafé,
	Dajen før dajen	konsert
	Fonnesdajen - Dajen dar folk møtes	Aktiviteter, veteranbåt, utstilling, , kafé, konsert, tradisjonshandverk
	Dajen derpå	Aktiviteter, gudsteneste, friluftsliv, kystfriluftsliv
	Gjennom Austrheim på sykkel, del II	Friluftsliv, guidet tur
	Tur i fiskarbonden sitt rike	Guidet tur, kafé, omvising, utstilling, museum
	Familiedag i friluftsområdet i Øksnes	Friluftsliv, aktiviteter, kafé, kystfriluftsliv
	Ivar Medaas - Dar kjem dampen	førestilling, kafé,
<b>Bergen</b>	Hjellestad Seilingens dag	Aktiviteter, friluftsliv, kystfriluftsliv
	Gøy på landet, Hordamuseet	Aktiviteter, utstilling, kafé, museum, kystfriluftsliv, tradisjonshandverk
	Kurs i å lage minikiper	Kurs, tradisjonshandverk
	Osbanen - open stasjon på Stend	Utstilling, kafé, museum
	Bergenhusdagene	Aktiviteter, museum, utstilling, guiding, konsert, marked, kafé, tradisjonshandverk
	Sandviksdagene	Aktiviteter, friluftsliv, kafé, utstilling, kystfriluftsliv, museum veteranbåt, tradisjonshandverk
<b>Bømlo</b>	Brandasunddagen	Marked, musikk, kafé,
	Kystsogevekeutstilling i Moster Amfi	utstilling, museum, kafé,
	Kystsogedagane i Langevåg	Konsert, førestilling, musikk, marked, aktiviteter, rokonkurranse, veteranbåter, kystfriluftsliv, kafé, veteranbåt, prisutdeling
	Kanaldagane	Marked, aktiviteter, konsert, veteranbåtar, utstilling, kystfriluftsliv, museum, kafé, veteranbåt, prisutdeling
<b>Fedje</b>	Revykveld på Holmen Kafé!	førestilling
	Kulturvandring gjennom landsbyen i havet	veteranbåt
	Teaterstykket Hallo, Hallo	førestilling
	Open Trafikkentral	omvising
	Bedehusbasar	kafé,
	Revykveld på Holmen Kafé!	førestilling



<b>Fitjar</b>	Fitjarfestivalen	Kystfriluftsliv, guida tur, utstillingar, kafé, konsert veteranbåt, marknad
	Museumsdag på Årskog museum	utstillingar, museum, kafé, tradisjonshandverk
<b>Fjell</b>	Langøymarknaden	Kystfriluftsliv, utstillingar, kafé, veteranbåt, marknad,
	Seilingens dag	kystfriluftsliv
	Sau og sild ... og litt til	guida tur
	Opning av Gjerdet Kulturminnegard	utstillingar, museum, kafé, tradisjonshandverk
	Dei dyrebare vannressursane	guida tur
<b>Fusa</b>	Kallane i Oladalen	førestilling
	Engevik Anno 1723	utstillingar, kafé, konsert, aktiviteter, marknad, foredrag, prisutdeling, tradisjonshandverk
<b>Gulen</b>	Open dag i Sellevåg treskofabrikk	utstillingar, museum, kafé, tradisjonshandverk
	Kaidagen! Furneset	kystfriluftsliv, museum, kafé, veteranbåt marknad,
	Oster legg turen innom på tur frå Fønnes	veteranbåt
	Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum	utstillingar, museum, kafé,
	Open dag i Sellevåg treskofabrikk	museum, kafé, tradisjonshandverk
<b>Kvinnherad</b>	Museumsdag på Bygdetunet Rød	utstillingar, museum, kafé,
	Kystkulturtdag på Bergslagen	Kystfriluftsliv, utstillingar, kafé,
	Nytt grindabygg! Valen	kafé, veteranbåt
	Kystkulturkveld på Halsnøy Kloster, Anna Gyria	utstillingar, museum, kafé,
<b>Lindås</b>	Viking- og mellomalderdagar	guida tur, museum, kafé, marknad, tradisjonshandverk
	Bokkafé og foredrag, Eknesvågen, Strilekrigen	kafé,
	Tradisjonelt tauverksarbeid.	kafé, tradisjonshandverk
	Immaterielt kulturvern, eksperimentell arkeologi og skrivekunst.	Foredrag, kafé
	Hosanger - kommunen som forsvann	kafé,
	Nokre minne frå min barndom og oppvekst på Eknes	kafé,
	Tur rundt Esevatten med kjentmann	guida tur
	Lindås skulemuseum	utstillingar, museum, kafé,
	Ope på Husmannsplassen i Vikje med tur, aktivitetar og konsert	guida tur, utstillingar, museum, kafé,
	Sommarkveld ved fjorden	Tur på Lyngheiane, guida tur Konsert ved Måltrastena Kortreist mat, utstillingar, museum, kafé,
	Barn av det blågrøne landet	Kunstutstilling, utstillingar
	Ivar Medaas - Dar kjem dampen Strilaton	førestilling, kafé,
<b>Masfjorden</b>	Gjest Baardsen, song, segn og sanning	førestilling
	Føredrag i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling	utstillingar, museum
	Føredrag ved kulturminnegranskar Arne Høyland og statsstipendiat og fotograf Hans Kr. Bukholm	utstillingar, museum
	Esbjørn Hazelius & Johan Hedin, Sommarscena	konsert
	Bjørn Westmarsjen	kafé, friluftsliv, konsert, gudstene,



	Trio Danois Sandnes kyrkje	konsernt
	Ivar Medaas - Dar kjem dampen, Kystsogedagane i Meland	Førestilling, kafé
<b>Meland</b>		Kystfriluftsliv, utstillingar, museum, kafé, marknad, prisutdeling tradisjonshandverk
	D/S Oster i rute Kystsogedagane i Meland	veteranbåt
		Kystfriluftsliv, utstillingar, museum, kafé, marknad, tradisjonshandverk
<b>Os</b>	Opninga av Kystsogedagane i Os	kystfriluftsliv, kafé, båtturar
	Utstillingsopning Vedholmen Galleri	Utstillingar, konsert
	Bondens dag Kyrkjeflaten og Os sentrum	kafé, tradisjonshandverk, marknad, omvisning,
	Oselvarfestival	kystfriluftsliv, kafé, rokonkurranse, tradisjonshandverk
<b>Osterøy</b>	Utstillingar Galleri Mjøsvågen	utstillingar, museum, kafé,
	Osterøy museum. Gjerstad Ut i det fri! Utstilling i samband med Friluftsåret 2015 Ei husmannstove frå Rolland Maleriutstilling Mari Wiik	utstillingar, museum, kafé,
	Valmøte på Osterøy- natur og kultur Gjerstad/Osterøy museum	museum, kafé,
	20 år med handarbeidstreffi Gjerstad/ Osterøy museum	museum, kafé, tradisjonshandverk
	Misjons og Raknestunkveld, Hauge bedehus	Tale, song musikk. , kafé,
	Kulturminnedagen – Nabolag, Gullbrå	guida tur
	Fottur på Valestrand	Guida tur, kafé
<b>Radøy</b>	Jubileumsgudsteneste i Hordabø kyrkje	gudsteneste
	Opning av kystsogevekene i Radøy, Skageneset	Kystfriluftsliv, guida tur, kafé,
	Tur frå Marås til Kolås	Kystfriluftsliv, guida tur
	Tur Solheim-Tjorehagen	Kystfriluftsliv, guida tur
	Padletur frå Rossnes til Lerøy i Austrheim	Kystfriluftsliv, guida tur
	Open motorsamling	utstillingar, museum, kafé,
	Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet	Museum, tradisjonshandverk, omvisning,
	Fiskekonkurranse hjå Keipane Kystlag	kystfriluftsliv, kafé, båtturar
	Tur rundt utmarka på Halland	Kystfriluftsliv, guida tur
	Bakekurs på Radøystova	Kurs, kafé
	Ope på Kvalheim kulturtun	utstillingar, museum, kafé, tradisjonshandverk
	Liv i Emigranthusa, Sletta, Vestnorsk utvandringssenter	utstillingar, museum, kafé, aktivitetar
	Risnesmarknaden Rossnes kai	kystfriluftsliv, kafé, marknad, aktivitetar
	Tur frå Rossnes	Kystfriluftsliv, guida tur
	Ope på Nordanger gardsmuseum	utstillingar, museum
	Tur på gamle skulevegen frå Nordanger til Valdersneset	Kystfriluftsliv, guida tur
<b>Stord</b>	Vervadagane , Sagvåg/Jensaneset	kystfriluftsliv utstillingar, kafé, marknad, konsert, veteranbåtar, tradisjonshandverk, gudsteneste
	Open dag i Sunnhordlandstunet, Sunnhordland muse-	utstillingar, museum, kafé, tradi-



	um	sjonshandverk, kurs,
<b>Sund</b>	Hamnedagen, Kleppesjøen	kystfriluftsliv, kafé, marknad, konsertar, aktivitetar,
	Periferifestivalen	utstillingar, kafé, konsertar, foredrag
	Kyststemne i Trellevik, Trellevik kystkultursenter	kystfriluftsliv, kafé, tradisjonabåtar, konsert, foredrag
	Utdeling av Johannes Kleppevik minnepris	Prisutdeling,
	Kystpilegrimstur, Golta - Telavåg	Kystfriluftsliv, guida tur, museum, kafé,
<b>Sveio</b>	Kystsogedagar i Buavåg, Konsert med gruppa Embla	kafé, konsert
	Kystsogedag - Tema kultur og friluftsliv	Kystfriluftsliv, guida tur, utstillingar, kafé, marknad, aktivitetar
	Familiedag på kaien i Førde	kystfriluftsliv, kafé, marknad, rokonkurransse, veteranbåtar,
<b>Øygarden</b>	Hellesøydagen	kystfriluftsliv, kafé, marknad,
	Konsert med Nordic Tenors	konsert
	Øygarmsmila	kystfriluftsliv
	Kystkulturdag Kystmuseet i Øygarden	kystfriluftsliv utstillingar, museum, kafé, førestilling

## MARKNADSFØRING

### Programmet

Programkatalog og plakatar var ferdig og levert ut til kommunane siste veka i juni. Som dei siste åre var også i 2015 opplaget av programmet på 10 000 trykte eksemplar. Som førre år var det laga ein eigen digital bla-versjon av programmet som kunne spreiest via e-post og i sosiale media.

Det vart trykt eige program for opningsdagen og invitasjon til dei offisielle gjestane. Programmet ligg sjølv sagt også på Internett.

### Annonser

Annonseringa for 2015 følgde malen som har vore dei siste åra, med kortare annonsar som er synleg og informative nok. Det vil seie at talet på annonser var uendra, men innhaldet var sterkt forkorta, særleg gjaldt det annonsane i Bergens Tidendene. Desse var no utforma som tidlegare med logo og stolpe, men med ei overskrift: *Her finn du dei gode opplevingane:* og ei opplisting over kommune og stad. Sjølv om her var mindre informasjon, var det likevel den viktigaste informasjonen med, kommune og stad, og klar referanse til kvar ein fekk meir informasjon.

I tillegg var sjølv sagt nettadressa med i annonsen og ein QR-kode med link direkte til dagens arrangement, for dei som ville scanne med mobiltelefon. Nettsida vart oppdatert kvar dag lik at datoen i kalenderen alltid var dagens, og dermed kom dagens arrangement opp. Det er ikkje kartlagt i kva grad denne QR-koden vart nytta, og det er heller ikkje kome reaksjonar på dette, men ein ser at QR-kodar er nytta mange stader for enkel tilgang til nettsidene med mobiltelefon. Når sjølve biletet i seg sjølv er integrert i annonsen og ikkje tek opp ekstra plass, velger eg å tru at det berre er ei ekstratilbod som er positivt å ta med.



Det var også i år tatt i bruk nokre nettannonser, ein for Sunnhordland og for Nordhordland som låg på nett heile perioden.

Annonsering for enkeltarrangement i lokale aviser har dei lokale arrangørane sjølv hatt ansvar for. Arrangementa vart også meldt inn til ulike kulturkalendrar som fleire aviser har både til trykking i papirutgåva, og ikkje minst søkbar på internett. Fleire kommunar har imidlertid no fått egne arrangementskalendrar som arrangørane sjølv legg sine hendingar inn i.

Det er også i år brukt sosiale media som Facebook, blogg og Instagram, desse fungerer også som gratis marknadsføring av arrangementa og mønstringa.

Det vart også i år nytta betalt Facebookannonsering, i år først og fremst for å få meir trafikk til programsidene. Vi opplevde ei viss grad med auke av klikk på nettstaden. Facebooksida fekk dessutan også nokre fleire følgjarar, men ikkje i den grad som den gjorde året før. Det er no kring 2600 som følgjer Kystsogevøkene på Facebook, og informasjon om alle arrangementa når fram til langt fleire menneske.

## Pressedekninga

Pressedekninga har vore god i lokalavisene. Det er vanskelegare å verte synleg i regionaviser og radio/tv. Dei lokale avisene som tidlegare er flinke å trekke frem mange av dei flotte lokale arrangementa, sjølv om ikkje alle får plass. Nokre gonger får vi flotte store oppslag, andre gonger er det førehandsomtaler, lange reportasjar eller mindre notisar. Fleire sommaraviser hadde redaksjonelt stoff om *Kystsogevøkene 2015*.



The image shows a collage of newspaper articles. On the left, an article from 'Norden' features a photo of a child in a blue jacket and the headline 'Ola fann båtlukka i Holmeknappen'. Below it, another article is titled 'Kystsogevøkene startar på søndag: Kystsoge-opning for heile familien'. On the right, an article from 'Os' has a photo of a harbor and the headline 'Mannsterk og magisk opning'. Below that, another article from 'Os' features a photo of a boat and the headline 'Kyst + kultur = Sant'. The collage includes various photos of people, boats, and harbor scenes, along with social media icons and dates like '09. august 2015, kl. 11:07'.

Frå ulike aviser, Nordhordland, Os og Fusaposten, Vestnytt og Strilen – førehand- og etterromtale.

## INTERNETT OG SOSIALE MEDIA

Stiftinga Kystsogevøkene sine nettsider er [www.kystsogevøkene.no](http://www.kystsogevøkene.no), ein blogg - [kystsogevøkene.com](http://kystsogevøkene.com), og Kystsogevøkene er å finne både på Facebook og Instagram. Alle desse sidene er godt integrerte i kvarande slik at alt skal nås via hovudnettsida [kystsogevøkene.no](http://kystsogevøkene.no). På bloggen finn ein integrert både Facebook og Instagram, slik at om hovudsidene er relativt statiske resten av året, så skal det heile tida kome ny informasjon og aktivitet dei andre stadene som lett skal kunne finnast og reflekterast også på hovudnettsida.

[www.kystsogevøkene.no](http://www.kystsogevøkene.no)



Kystsogevekene si nettside har knappar på førstesida til dei offisielle sidene til Kystsogevekene. Desse knappane gjer det lett å navigere direkte til det offisielle programmet i kalender og til kommunervis oversikt, og til Facebook og bloggen. Det kom eit eige felt der aktiviteten på Facebook også vert synleg på framsida på [www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no) Dette gjer at desse sidene også vert meir levande også utanom den aktive perioden som Kystsogevekene går føre seg. Undervegs i Kystsogevekene vert sidene oppdaterte kvar dag slik at det alltid var aktuell dato som kom først.



### [www.facebook.com/kystsogevekene](http://www.facebook.com/kystsogevekene)

Kystsogevekene ønskjer å vere aktiv og synleg heile året, og er aktiv på Facebook. Dei som «likar» Kystsogevekene på Facebook vil få aktuelt stoff frå kystkulturen, då Kystsogevekene følgjer med i lag og organisasjonar, foreiningar og nyhende for å fange opp kystkulturstoff. I tillegg vert arrangement og aktivitetar frå kystkulturarenaer delte her, slik at folk kan vere oppdaterte på det, eller kan ta seg fram til arenaer som har gode kulturarrangement. Kystsogevekene ønskjer vere delaktig på sosiale media, og kan også på denne måten oppmuntre frivillige og lag som arbeider for kystkulturen, både ved å like aktiviteten deira og spreie informasjon om det arbeidet dei held på med.

Facebooksiden la vekt på kommande arrangement på Facebook, og ikkje gjere så mykje rapportering i ettertid i løpet av vekene, slik at det ikkje skulle forvirra med kan ein kunne vere med på, og kva ein kan hende hadde gått glipp av. Frå kvart arrangement var det også lagt ut bilete både på Facebook og Instagram for gjere folk merksame på arrangementet, og kanskje får nokre fleire til å ta del.

I 2015 som tidlegare år før, starta Kystsogevekene i fjørjulstida ei uhoøgtideleg julekalender på Facebook, der vi trekte ut ein vinnar av ei flott bok om kystkultur, *Då fjorden var vegen*. Kvar dag i desember vart det presentert eit bilete frå eit av arrangementa i årets kystsogeveker, og det var ei utfordring om nokon kjente stad og arrangement igjen. Vi ønskte at folk gjerne også skulle dele minne og fortelje frå arrangementet dersom dei hadde vore med. Det ein god del respons på kvart av bileta, og ei markant auke i engasjement knytt til kvar av postane. Vi håpar at dette også kan gjere sitt til at fleire vert merksame på alle dei flotte arrangementa som finn stad i alle kommunane.

### [instagram.com/kystsoge](http://instagram.com/kystsoge)

Kystsogevekene sin konto på Instagram er også aktiv gjennom heile året, sjølv om det vert lagt ut fleir bilete i løpet av Kystsogevekene. Det er posta bilete både frå arrangement og dessutan kystkulturrelaterte motiv. Brukarnamnet er Kystsoge, og vi ønskjer at bileta skal nytta #kystsoge, eller #kystsogeveker, #kystsogedagar, og i tillegg er det også alltid nytta #kystkultur. Det er posta



280 bilete på kontoen no, og vi merka at mange andre også poster bilete frå arrangement i Kystsoegevekene, og vi dermed kunne re-poste og vise litt frå andre arrangement en akkurat dei dagleg leiar rakk å komme på. Kontoen kystsoege er under stadig utvikling og utviding, og talet på følgjarar aukar, men det er framleis ønskje om langt fleire som føl oss på Instagram. I 2015 var det posta kring 100 bilete.

### Bloggen: [kystsoegevekene.com](http://kystsoegevekene.com)

Bloggen vart brukt til å skrive reportasjar og vise bilete frå arrangement som hadde vore. Den overtok for biletgalleriet på nettsidene fordi det var mykje lettare å legge ut bilete i og fordi ein ønska tilbakemeldingar frå folk som hadde delteke.

Det var publisert 31 postar på bloggen i løpet av 2015, reportasjar hovudsakleg om arrangement som skulle komme eller hadde vore, men også noko om kystkultur gjennom resten av året, slik at det no er kring 280 postar i bloggen totalt. Desse omtalane vil også kunne fungere som appetittvekkjar til neste års arrangement, der folk kan sjå litt av innhaldet og korleis det artar seg på dei ulike arrangementa.



Bloggen er også aktiv resten av året, sjølv om det ikkje kjem postar like ofte. Resten av året har det kome postar om aktuelle kystkulturhendingar som dagleg leiar har tatt del i og kan presentere bilete frå, eller på eit av musea som er innanfor vårt område, eller aktuelt stoff og reportasjar frå rundreisa til kommunane på vinters-tid.

## ØKONOMI

Resultatet frå 2015 viser eit overskot på kr 111 000. Det er prioritert hardt for å få eit positivt driftsresultat.

Tilskot til arrangørar er sterkt kutta i 2015, og heilt avgrensa til berre det stiftinga Kystsoegevekene sjølv har fått i tilskot frå sponsorar og støttespelarar. Tilskot til arrangørar er derfor redusert med 70 000 i høve 2014. Dette skuldast lågare sponsorinntekt og dessutan ingen midlar tatt frå eigen drift til tilskot. Stiftinga Kystsoegevekene skulle gjerne hatt fleire sponsorinntekter og støttespelarar for å kunne gje verdifull støtte til fleire lokale arrangement i kommunane.

Stiftinga Kystsoegevekene fekk i inn litt mindre sponsorinntekter enn året før, men vi er glade for at vi fekk støtte både frå Grieg Foundation og Stiftelsen Neptun Bergen. Ikkje minst er vi også uendeleg takksame overfor Hordaland fylkeskommune som finansierer drifta av stiftinga.

Marknadsføring og produktutvikling er også i år kutta til beinet, og her har vi klart å redusere med nær 50 000,- kr i høve året før. Det hadde vore ønskeleg å nytta meir midlar til marknadsføring slik at vi hadde nådd ut til større publikum og fleire arenaer. Slik det har vorte dei siste åra er det berre annonsar i dei største avisene, og berre i form av samleannonsar. Vi trur at meir bruk av digital marknadsføring på nett ville gjeve effekt, i tillegg til annonsering i sosiale media slik at endå fleire folk hadde fått vite om alle dei flotte arrange-



menta kringom i regionen, og hadde stilt opp for å få gode opplevingar, og dessutan lagt igjen pengar til dei frivillige laga og organisasjonane som er arrangørar.

Mot slutten av året vart budsjettframlegget for Hordaland fylkeskommune lagt fram. I budsjettframlegget frå Fylkesrådmannen var det gjort tilråding om å redusere støtta til Stiftinga Kystsogevøkene med kr 300 000,-. Bak stiftinga står, i tillegg til Hordaland fylkeskommune, 21 kommunar på kysten av Hordaland, (og Gulen i Sogn og Fjordane). Grunngevinga for avkortinga var: *Kystsogevøkene er i hovudsak finansiert av Hordaland fylkeskommune gjennom driftstilskot og fri husleige. Mange kommunar er knytt opp til og dreg nytte av stiftinga, men bidreg ikkje økonomisk.*

Styret i Stiftinga Kystsogevøkene hadde styremøte og reagerte på framlegget om avkorting av tilskotet, som kom heilt overraskande og utan noko dialog eller varsel på førehand. Dette førte til reaksjon frå styret og politisk arbeid opp mot fylkespolitikarane og med brev til Hordaland fylkeskommune. Resultatet vart at i endeleg budsjett var tilskotet redusert med 100 000,- og ikkje 300 000 som i framlegget. Dette er likevel signal på at fylkeskommunen evt i framtida ikkje ser føre seg full finansiering av Stiftinga Kystsogevøkene.

Som følgje av signal frå fylkeskommunen sitt budsjettframlegg har administrasjonen gjort grep som har gjeve anna tilskot, dette er utlån av noko arbeidskraft heilt på tampen av året. Dette er den tredje faktoren som gjer at Stiftinga Kystsogevøkene har eit positivt driftsresultat i 2015 er knytt til administrasjon.

## Tilskot frå Kystsogevøkene til arrangørar

Stiftinga er glad for å kunne gje støtte til 14 arrangement i årets kystsogevøker. Budsjett et var på 50 000 kr, diverre mykje redusert frå førre år. Alle som søkte innan søknadsfristen 1. juni fekk tilskot, og tilskota varierer i storleik frå 1 000 til 8 000 kroner. Den økonomiske støtta frå Stiftinga Kystsogevøkene er kjærkomen og inspirerende for arrangørane, og vi ser det som sær viktig å oppretthalde størst mogeleg grad av denne typen tilskot.

I tillegg til tilskota til desse arrangementa, har *Stiftinga Kystsogevøkene* som vanleg vore med å finansiere det offisielle opningsarrangementet, dette året i Tysnes kommune.

Budsjett 50 000

	Kven søker	Om kva	Søknad	Tildeling
1.	Eknesvågens venner	6 stk Foredrag	6000	2000
2.	Fonnesdajen	Musikk, veteranbåter, mm	10 000	4000
3.	Hordamuseet Gøy på landet	Demonstrere handverk	5000	2000
4.	Kanaldagane	Elias, revy, musikk mm	15000	6000
5.	Tysnes sogelag	Husleige kr 500, Føredrag kr 2500,-	3000	1000
6.	Masfjorden kommune	Honorar artistar 15000+ 20000 Dar kjem dampen	15 000	8000
7.	Vedholmen galleri	Markedsføring og honorar	6000	2000
8.	Felleskristen komite Sveio	Leige lyd, hoppeslott, Eliasbåt mm	10 000	3000
9.	Bymuseet, Bergenhusdag	Bjørgvin handverkslag, materiell	5000	1000
10.	Gullforeningen Sveio	Buavåg, konsert honorar	10 000	2000
11.	Langevågdagane	Veteranbåtar, rokonkurranse Kassabil Tubadur, show,-	10 000	4000
12.	Skaganeset Radøy kommune	Opning i Radøy, veteranbuss,	4000	3000



		båtskyss, honorar mm		
13.	Kystsogedagane i Meland	Veteranbåt, honorar mm	20 000	5000
14.	Sund folkeakademi	Kyststemne i Trellevik, Kleppevik minnepris, Eliasbåt mm	10 000	3000
15.	Hanevikdagen	Veteranbuss, aktiviteter for barn	10 000	4000
	<b>TOTALT</b>			<b>50000</b>

## ÅRSBERETNING 2015

Stiftinga Kystsogevекene har kontor i Bergen. Stiftelsens formål er Stiftinga Kystsogevекene er ei ikkje næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege kystsogevеker i Hordaland og Gulen.

Styret meiner at årsregnskapet gjev eit rettsvisande bilete av verksemda sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Årsregnskapet for 2015 er satt opp under føresetnad av framleis drift. Det stadfestas at føresetnaden om framleis drift er til stade.

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2015.

Bedriften har ei tilsett. Styret er sett saman av to menn og tre kvinner, samt to menn som varamedlem. Styret har ut frå ei vurdering av tall tilsette og stillingskategorier ikkje funne det nødvendig å iverksette spesielle tiltak med omsyn til likestilling.


Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

07.03.2016

styrets leder

  
Øve B. Trellevik

daglig leder

  
Lena Eikeland Kutschera

styremedlem

  
Anne-Beth Njærheim

styremedlem

Ruth Ø Eriksen

styremedlem

Olav Martin Vik

Varamedlem

  
Kjetil Hestad

Styremedlem

Astrid Aa. Byrknes

